

201801666 - 149  
KE/SBJA  
503



**Jølster kommune**

Ospene 1, 6843 Skei i Jølster  
tlf. 57726100  
postmottak@jolster.kommune.no

Norges vassdargs- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Vår ref  
1885 18/843 - 4

Dykkar ref

Arkiv  
FA - S01

Dato  
09.10.2018

## Innspel til Nasjonal ramme for vindkraft på land - Lokale og regionale interesser analyseområde 19

Syner til brev om nasjonal ramme for vindkraft på land datert, 08.06.2018 (ref. 201801666-6) og 05.09.2018 (ref. 201801666-33). Det blir i breva invitert til å kome med innspel til det pågåande arbeidet med den nasjonale ramma.

Frist for å kome med innspel er 20. oktober 2018.

### Bakgrunn:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) jobbar med å utarbeide forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. Formålet med den nasjonale ramma er å bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane blir valde når det vert søkt om konsesjon.

Oppdraget/arbeidet er bestilt av Olje- og energidirektoratet (OED). Områda skal veljast ut med utgangspunkt i vindressursar og nettkapasitet og avstemmast mot andre viktige miljø og samfunnsomsyn (arealanalyser).

NVE er ute etter fagleg informasjon, og det blir presisert at dette ikkje er ei høyring av den nasjonale ramma for vindkraft. I denne innspelsrunden vil NVE sikre seg at dei fangar opp tilstrekkeleg informasjon for dei ulike analyseområda i landet.

NVE sitt framlegg vil bli sendt på høyring i regi av OED, og det vil vere i den runden politiske innspel og generelle synspunkt på den nasjonale ramma, må leggest fram.

Jølster kommune gjev difor berre administrativ uttale i denne omgang.

### Vurdering:

Det er 43 analyseområder i landet, og det er egne kart for kvart område. I det vidare arbeidet skal NVE gjennomføre overordna analyse for alle områda for å koma fram til dei mest eigna områda for vindkraft i Norge.

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

[jolster.kommune.no](http://jolster.kommune.no)



Gjennom 'hard og mjuk eksklusjon' ekskluderas lite egne område noko som gjev grunnlagskart som blir eit godt utgangspunkt for det vidare analysearbeidet. Hard og mjuk eksklusjon er definert slik:

*Med «hard eksklusjon» menes eksklusjon av arealer som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk/økonomiske forhold, eller på grunn av at arealene er formelt vernet eller tilsvarende. Med «myk eksklusjon» menes eksklusjon av arealer der virkninger for én enkeltinteresse i mange tilfeller tilsier at det ikke bør bygges vindkraftverk.*

Jølster kommune har areal som er med i analyseområde 19.




Fig. 1: Analyseområde 19

Etter at område med eksklusjonar er tekne ut, er det ei sterk fragmentering av areala i område 19 som då skal avklarast nærare i arealanalyser (areal som ikkje er svart eller grå i fig. 2 under).






Fig. 2: Analyseområde 19 som syner harde og mjuke eksklusjonar

Eit sær viktig grunnlag for det vidare arbeidet er digitale nasjonale/landsdekkande register/baser. Det er ei utfordring at få baser er landsdekkande, og at kvaliteten er varierende. For å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag har NVE fått utarbeida i alt [19 temarapportar](#). Rapportane synleggjer verknaden vindkraft har for kvart tema, og kva som samla sett er dei mest sentrale problemstillingane knytt til landbasert vindkraft.

### Innspel:

Frå 01.01.2020 vert Førde- Jølster, Naustdal (ikkje med i område 19) og Gaular kommune slegne saman til Sunnfjord kommune. Førde kommune har gjeve informasjon om aktuelle kjende tilhøve på områder i Gaular, Jølster og Førde, og Jølster kommune gjentek av dei grunnar ikkje innspel for Førde og Gaular her, men syner til innspel frå Førde kommune.

Etter eksklusjonar (harde og mjuke), ser vi at det for våre områder i stor grad er fragmenterte høgareliggende fjellområde som skal analyserast vidare. Vi vil gje informasjon til følgjande tema for areal i Jølster: Friluftsliv, landskap, villrein, landbruk og andre naturverdiar.

### Friluftsliv:

- Generelt er det meste av fjell og utmarksareal i våre områder nytta til friluftsliv heile året. Fjellområda ligg tett på der folk bur og er lett tilgjengelege.
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivområde er ferdig i Jølster, og opplysningar er tilgjengeleg på naturbase.no og fylkesatlas.no.
- Store delar av område Gjesdalsdalen - Kvamsfjellet i Jølster er med i det vidare analysearbeidet. Dette område fekk verdien svært viktig i kartlegging av friluftslivområde. Området ligg i tilknytning til Jølster skisenter, har langrennsløypenett



og er mykje nytta til lokalt og regionalt friluftsliv heile året. Det ligg tett inntil tettstaden Vassenden/Langhaugane og er definert som eitt marka område.

- Sandalsfjellet/Nonsnipa er også med i det vidare analysearbeidet. Dette område fekk også verdien svært viktig i kartlegging av friluftslivområde, og er mykje nytta til friluftsliv heile året av både lokale og regionale brukarar. Det er definert som utfartsområde.
- Delar av Bjørndalen er med i det vidare analysearbeidet. Dette område fekk verdien viktig i kartlegging av friluftslivområde, og er noko nytta til friluftslivsaktivitet heile året. Det er definert som utfartsområde.

#### Landskap:

Vi syner til opplysningar henta frå fylkesatlas.no

- Store delar av areal som er med i det vidare analysearbeidet i Jølster er pr. 2013 inngrepsfritt område (1-3 km frå inngrep).

#### Villrein:

- Sunnfjordfjella villreinområde ligg inne i område 19. Vi gjer merksam på at område som er viktige for villreinen ikkje er ekskludert (i harde og mjuke eksklusjonsområde) og er med i det vidare analysearbeidet slik det ligg føre no.
- Sunnfjordfjella er ikkje nasjonalt villreinområde, men villreinen her er viktig, og har stor lokalverdi (jakt og friluftsliv).

#### Landbruk:

- Store delar av areal som er med i det vidare analysearbeidet vert brukt til beite, primært for sau.

#### Andre naturtilhøve:

- Delar av områda som skal analyserast ligg tett opp til Jostedalsbreen nasjonalpark (Grovaabreen, Jostefonn).

Med helsing

Joar Helgheim  
Tenesteleiar næring og miljø

Solfrid Trå  
Naturforvaltar  
57726124





T 77 02000

20#153.6e321f91-4c9a-4ec0-98a9-48532ec7cbd0.7

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

[jolster.kommune.no](http://jolster.kommune.no)

